



12.11.2019

Til ordførarane i
(oversyn over kommunar og Østfold/Buskerud fylkeskommunar – sjå adresseliste)

Kopi: Kommunenes Sentralforbund, ks@ks.no og Viken fylkeskommune, post@viken2020.no

Oppmoding om solidaritet mellom kommunar i Norge i vindkraftsaker.

Vi vender oss med dette til våre ordførarkollegaer i kommunar i Buskerud og Østfold fylke (Viken frå 2020) med oppmoding om å vise solidaritet med oss og våre lokalsamfunn.

Bakgrunnen er at de, gjennom noverande Østfold Energi AS, Vardar AS og Glitre Energi AS, er eigarar av vindindustrielskapet Zephyr.

De eig eit selskap som, i sin iver etter å generere inntekter for sine eigarar, skaper store konflikter i våre områder. Konflikter som oppstår som følge av vår redsel for store inngrep i urørt natur som aldri vil kunne tilbakeførast slik det eingong var.

Alle våre kommunestyrrer har vedteke at vi ikkje ønsker vindindustri i områda Zephyr kartlegg. Desse vedtaka er fatta av omsyn til våre innbyggjarar og våre felles naturkvalitetar.

Likevel opplever vi at Zephyr ignorerer våre demokratiske vedtak og ikkje respekterer den enkelte grunneigarar og øvrige brukarar av naturen vår. Dette er ein uakseptabel situasjon og vi appellerer difor no til kommunale og fylkeskommunale eigarar for å få stansa framtidig interesse for vindkraft i vår natur.

Vi inviterer til eit solidarisk kommunesamarbeid og ber vi dykk som eigarar av Zephyr å pålegge dei å trekke seg ut av våre områder og andre områder i Norge der kommunane har vedteke at ein ikkje ønsker vindindustri.

Vi håpar at de kjem oss i møte i denne viktige saka og at de snarast råd kan følge opp vår oppmoding. Vi inviterer også gjerne ordførarane hit til oss for vidare dialog.

Med vennleg helsing
Ordførarane

Karstein Totland/s
-Masfjorden kommune-

Hallvar Oppedal/s
-Gulen kommune-

Kjell Eide/s
-Hyllestad kommune-

Kjetil Felde/s
-Fjaler kommune-

Mathias Råheim/s
-Gaular kommune-

Petter Sortland/s
-Høyanger kommune-